



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Ingunn Landro Sandset, 5557 2273

Vår dato
23.04.2014
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår referanse
2014/5288
Dykkar referanse
«REF»

Kommunane i Hordaland
Barnehagemyndigheten

Strategi for kompetanse og rekruttering 2014 - 2020 Informasjon om tilbud til barnehagetilsette 2014/15

Utdanningsdirektoratet v/Fylkesmannen inviterer barnehagetilsette, gjennom kommunane, til å søkje om kompetansetiltak som ei oppfølging av strategien «Kompetanse for framtidens barnehage». Fylkesmannen samarbeider med kommunane og høyskulane om tilboda. I dette brevet orienterer vi om aktuelle tilbud som gjeld for 2014/15.

Som det går fram av strategien er det eit overordna mål at alle barn skal ha eit godt og likeverdig barnehagetilbod. For å oppfylle målet viser strategidokumentet til aktørane sine roller og ansvar for kompetanseutvikling til alle tilsette. Utdanningsdirektoratet oppmodar difor aktørane om å leggje til rette for at tilsette skal få ta del i aktuelle opplæringstiltak.

1. Studietilbod til tilsette som ikkje har barnehagelærerutdanning

Vedlagt følgjer informasjon med søknadsskjema til studietilbod som gjev 15 studiepoeng. Målgruppa er tilsette som ikkje har barnehagelærerutdanning og gjeld difor fleire yrkesgrupper i barnehagen. Søknadsfristen er 1. juni.

Studiet er ei vidareføring av opplæringstiltak retta mot assistentar som har vore gjennomført dei siste åra. Erfaringane med studiet er svært gode, og innhaldet har vist seg å vera godt tilpassa behovet.

Som barnehagemynde må kommunen informere om tilbodet, ta imot søknadene og vidaresender desse. Nærare informasjon finn de i vedlegget.

2. Fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar

Tilbod til kandidatar som ynskjer å ta fagbrev gjennom praksiskandidatordninga er underplanlegging i samarbeid med fylkeskommunen og kommunesektoren.

Nærare informasjon om tiltak knytt til strategien vert sendt til kommunane så snart som planane ligg føre. Vi legg også ut informasjon på Fylkesmannen si heimeside.

Med helsing

Anne Hjermand
utdanningsdirektør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Ingunn Landro Sandset
seniorrådgjevar